



Utval:	Skjåk kommunestyre
Møtestad:	Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato:	26.04.2018
Tid:	18:00

Faste medlemmer som møtte:

Elias Sperstad	Leder	SP
Sevald Sperstad	Medlem	SP
Edel Kveen	Medlem	SP
Per Lars Lien	Medlem	SP
Rannveig Brennhaug	Medlem	SP
Håvard Krogstad Berger	Medlem	SP
Vidar Vange	Medlem	SP
Kristen Haugen Dagsgard	Medlem	SP
Kjell Egil Ramstad	Medlem	SP
Laurits Ørjasæter	Medlem	SP
Simon Abraham Kidane	Medlem	SP
Tor Arne Rønningen	Medlem	SP
Eva Therese Hyrve Bosmen	Medlem	AP
Stig Erlend Banken	Medlem	AP
Aud Jotun	Medlem	AP
Heidi Banken Fallingen	Medlem	
Inge Gjerdet	Medlem	AP
John Tore Barrusten	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Odd Ragnar Solheim	AP
Odd Joar Ramstad	AP
Bernt Joachim Dahl	AP

Varamedlemmer som møtte:

Heidi StorkjØrren Brujordet	AP
Leif Risheim	AP
Knut Vindheim	AP

Frå administrasjonen møtte:

Svein Holen
Inga Gudrun Hyrve

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

_____	_____	_____
_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Saksnr	Innhald	Lukka
PS 22/18	Tilstandsrapport for grunnskulen 2017	
PS 23/18	Skjåk kommunes årsrekneskap og årsmelding for 2017	
PS 24/18	Disponering av overskot 2017	
PS 25/18	Eigedomsskatt 2019	
PS 26/18	Barnehagekapasitet barnehageåret 2018-19	X
PS 27/18	Overgang frå straum til biovarme på Skjåkheimen	
PS 28/18	Sommaropen svømmehall 2018	
PS 29/18	Val av representantar til Hovudutval for helse, oppvekst og omsorg (HOO) ut kommunestyreperioden 2015 - 2019	
PS 30/18	Etterbruk av barneskulane	

Møtet startar med 20 representantar. Tor Arne Rønningen var ikkje til stader ved møtestart.

- Orientering om Outtt ved Merete Dagsgard.
- Ordføraren informerer om arbeidet med Rv15, Skjåk- Stryn.
- Heidi Banken Fallingen har meldt seg ut av Ap. Har fått klarsignal på at ho skal fortsette å sitte i dei råd og utval ho er representant i ut denne perioda. Vil fortsette i kommunestyret som uavhengig.

Etter kommunestyremøtet blir det generalforsamling i Skjåk Utbyggingsselskap AS.

PS 22/18 Tilstandsrapport for grunnskulen 2017

Rådmannen si innstilling

Tilstandsrapporten for 2017 blir teke til etterretning.

Behandling i Kultur- og oppvekstutvalet - 17.04.2018

Forslag frå Bernt Dahl: Det må settast inn ekstra ressursar på skulen for å hjelpe 5.klasse med svake resultat i 2017. Dette må kome som nye ressursar, og ikkje takast frå andre grupper.

Forslag frå Håvard Krogstad:

1. 85% av elevane i Skjåk kommune skal kunne bestå krav i symjing for 4. til 10. klasse.
2. Rektor skal legge fram plan for framgangsmåte i september 2018.

Vedtak i Kultur- og oppvekstutvalet - 17.04.2018

1. Tilstandsrapporten blir teke til etterretning.
2. Det må settast inn ekstra ressursar på skulen for å hjelpe 5.klasse med svake resultat i 2017. Dette må kome som nye ressursar, og ikkje takast frå andre grupper.
3. 85% av elevane i Skjåk kommune skal kunne bestå krav i symjing for 4. til 10. klasse.
4. Rektor skal legge fram plan for framgangsmåte i september 2018

Samrøystes.

Behandling i Formannskapet - 17.04.2018

Formannskapet fekk utdelt Hovudutval for kultur og oppvekst sitt framlegg. Hovudutvalet hadde møte same dag.

Framlegg frå Formannskapet - 17.04.2018

Formannskapet rår Skjåk kommunestyre til å gjera følgjande vedtak:

Tilstandsrapporten for 2017 blir teke til etterretning.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Protokolltilførsel frå Hyrve Bosmen, Ap:

Kommunestyre ber rådmannen konsekvensutrede alle sider ved og innføre 5 dagers uke i barneskulen, kontra dagens organisering. Når saka er ferdig utreda med alle økonomiske, praktiske og pedagogiske fordeler og ulemper, skal saka ut til høring der foreldregruppa i FAU får uttalerett før saken blir behandla politisk.

Protokolltilførsel frå Krogstad Berger, Sp:

85% av elevane i Skjåk kommune skal kunne bestå krav i symjing for 4. til 10.klasse. Rektor skal legge fram plan for HOO framgangsmåte i september 2018.

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Tilstandsrapporten for 2017 blir teke til etterretning.

Samrøystes

PS 23/18 Skjåk kommunes årsrekneskap og årsmelding for 2017

Behandling i Formannskapet - 17.04.2018

Ordfører Elias Sperstad sette fram følgjande forslag:

Skjåk kommunestyre godkjenner rekneskap for 2017 og tek årsmeldinga til etterretning.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Formannskapet - 17.04.2018

Skjåk kommunestyre godkjenner rekneskap for 2017 og tek årsmeldinga til etterretning.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Skjåk kommunestyre godkjenner rekneskap for 2017 og tek årsmeldinga til etterretning.

Samrøystes

PS 24/18 Disponering av overskot 2017

Rådmannen si innstilling

Formannskapet tilrår at kommunestyret disponerer overskotet i 2017 på 2.359.642,17 kroner slik;

1. 1.200.000 kroner blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101.
2. 575.033,85 kroner blir avsett til disposisjonsfond, konto 2561101.
3. 500.000 kroner blir avsett til likviditetsreserve, konto 2539999.
4. 84.608,32 kroner blir avsett som øyremerka midlar til å dekkje rekning på gjesteinnbyggjarar fastlegeordninga.
5. 345.750 kroner som gjeld overføring av flyktningar til anna kommune blir dekt av avsette flyktningmidlar.

Behandling i Formannskapet - 17.04.2018

Vedtaket var samrøystes.

Framlegg frå Formannskapet - 17.04.2018

Formannskapet tilrår at kommunestyret disponerer overskotet i 2017 på 2.359.642,17 kroner slik;

6. 1.200.000 kroner blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101.
7. 575.033,85 kroner blir avsett til disposisjonsfond, konto 2561101.
8. 500.000 kroner blir avsett til likviditetsreserve, konto 2539999.
9. 84.608,32 kroner blir avsett som øyremerka midlar til å dekkje rekning på gjesteinnbyggjarar fastlegeordninga.
10. 345.750 kroner som gjeld overføring av flyktingar til anna kommune blir dekt av avsette flyktningmidlar.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Kommunestyret disponerer overskotet i 2017 på 2.359.642,17 kroner slik;

11. 1.200.000 kroner blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101.
12. 575.033,85 kroner blir avsett til disposisjonsfond, konto 2561101.
13. 500.000 kroner blir avsett til likviditetsreserve, konto 2539999.
14. 84.608,32 kroner blir avsett som øyremerka midlar til å dekkje rekning på gjesteinnbyggjarar fastlegeordninga.
15. 345.750 kroner som gjeld overføring av flyktingar til anna kommune blir dekt av avsette flyktningmidlar.

Samrøystes

PS 25/18 Eigedomsskatt 2019

Rådmannen si innstilling

Formannskapet tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande som gjeld frå og med 2019;

1. Det blir skreve ut eigedomsskatt i medhald av § 2 i eigedomsskattelova og overgangsregel til eigedomsskattelova § 3 og § 4 frå 2019, som inneber at kommunen skriv ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for bedrifter som tidligare var omtala som verk og bruk, samt kraftanlegg.
2. Overgangsregelen vil gjelde i heile perioden frå og med skattåret 2019 og til og med skatteåret 2024, med mindre kommunestyret vel eit anna alternativ undervegs.
3. Det blir skreve ut eigedomsskatt i medhald av § 2 og § 3c i eigedomsskattelova, det vil seie eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, frå og med 2025, med mindre kommunestyret vel eit anna alternativ undervegs.
4. Kommunen nyttar overgangsordning, på produksjonsinstallasjonar, maskinar og utstyr i perioden 2019 og til og med 2024.

Behandling i Formannskapet - 17.04.2018

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Formannskapet - 17.04.2018

Formannskapet tilrår at kommunestyret vedtek fylgjande som gjeld frå og med 2019;

5. Det blir skreve ut eigedomsskatt i medhald av § 2 i eigedomsskattelova og overgangsregel til eigedomsskattelova § 3 og § 4 frå 2019, som inneber at kommunen skriv ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for bedrifter som tidligare var omtala som verk og bruk, samt kraftanlegg.
6. Overgangsregelen vil gjelde i heile perioden frå og med skattåret 2019 og til og med skatteåret 2024, med mindre kommunestyret vel eit anna alternativ undervegs.
7. Det blir skreve ut eigedomsskatt i medhald av § 2 og § 3c i eigedomsskattelova, det vil seie eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, frå og med 2025, med mindre kommunestyret vel eit anna alternativ undervegs.
8. Kommunen nyttar overgangsordning, på produksjonsinstallasjonar, maskinar og utstyr i perioden 2019 og til og med 2024.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Kommunestyret vedtek fylgjande som gjeld frå og med 2019;

9. Det blir skreve ut eigedomsskatt i medhald av § 2 i eigedomsskattelova og overgangsregel til eigedomsskattelova § 3 og § 4 frå 2019, som inneber at kommunen skriv ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for bedrifter som tidligare var omtala som verk og bruk, samt kraftanlegg.
10. Overgangsregelen vil gjelde i heile perioden frå og med skattåret 2019 og til og med skatteåret 2024, med mindre kommunestyret vel eit anna alternativ undervegs.
11. Det blir skreve ut eigedomsskatt i medhald av § 2 og § 3c i eigedomsskattelova, det vil seie eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, frå og med 2025, med mindre kommunestyret vel eit anna alternativ undervegs.
12. Kommunen nyttar overgangsordning, på produksjonsinstallasjonar, maskinar og utstyr i perioden 2019 og til og med 2024.

Samrøystes

PS 26/18 Barnehagekapasitet barnehageåret 2018-19

Rådmannen si innstilling

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Behandling i Kultur- og oppvekstutvalet - 17.04.2018

Saka vart behandla i felles møte med formannskapet.

Forslag til innstilling frå Håvard Krogstad Berger:

1. Skjåk kommunestyre aukar kapasiteten ved å sette opp modulbygg inntil barnehageområdet i Bismo.
2. Kommunestyret må innhente anbod på leige av modulbygg.
3. Kostnaden blir dekt av disposisjonsfondet, midlar tidlegare avsett til barnehagestruktur.
4. Det blir arbeidd med å få ein styrar for dei kommunale barnehagane, og sjå alle dei kommunale barnehagane som ei eining der syskjen får fortrinnsrett på den enkelte barnehage så sant alle får plass i kommunal barnehage.
5. Til neste kommunestyre må alle kostnader vere utrekna.

Vedtak i Kultur- og oppvekstutvalet - 17.04.2018

1. Skjåk kommunestyre aukar kapasiteten ved å sette opp modulbygg inntil barnehageområdet i Bismo.
2. Kommunestyret må innhente anbod på leige av modulbygg.
3. Kostnaden blir dekt av disposisjonsfondet, midlar tidlegare avsett til barnehagestruktur.
4. Det blir arbeidd med å få ein styrar for dei kommunale barnehagane, og sjå alle dei kommunale barnehagane som ei eining der syskjen får fortrinnsrett på den enkelte barnehage så sant alle får plass i kommunal barnehage.
5. Til neste kommunestyre må alle kostnader vere utrekna.

Samrøystes.

Behandling i Formannskapet - 17.04.2018

Denne saka vart behandla i felles møte med Hovudutval for kultur og oppvekst.

Før saka vart teke opp til behandling tok ordføraren opp spørsmål om sin habilitet.

Ordføraren gjekk frå medan habilitetsspørsmålet vart vurdert. Formannskapet gjorde deretter samrøystes vedtak om at ordføraren er inhabil i saka.

Vararepresentant Sevald Sperstad tok deretter plass i formannskapet.

Formannskapet venta med si behandling til etter at hovudutvalet hadde gått til eit anna møterom og gjort sitt vedtak. Vedtaket vart lese opp for formannskapet.

Edel Kveen (Sp) sette fram følgjande forslag:

1. Skjåk kommune aukar kapasiteten ved å sette opp modulbygg inntil barnehageområdet i Bismo.
2. Kommunestyre må innhente anbod på leige av modulbygg.
3. Kostnaden blir dekt av disposisjonsfondet, midlar tidlegare avsett til barnehagestruktur.
4. Det blir arbeidd med å få ein styrar for dei kommunale barnehagane, og å sjå alle dei kommunale barnehagane som ei eining der syskjen får fortrinnsrett på den enkelte barnehage så sant alle med barnehagerett får plass i kommunal barnehage.

Formannskapet sitt vedtak var samrøystes.

Framlegg frå Formannskapet - 17.04.2018

Formannskapet tilrår Skjåk kommunestyre å gjera følgjande vedtak:

1. Skjåk kommune aukar kapasiteten ved å sette opp modulbygg inntil barnehageområdet i Bismo.
2. Kommunestyre må innhente anbod på leige av modulbygg.
3. Rådmannen kjem med forslag til inndecking av totalkostnadene med å setja opp modulbygg og auke kapasiteten for barnehagane i Skjåk.
4. Det blir arbeidd med å få ein styrar for dei kommunale barnehagane, og å sjå alle dei kommunale barnehagane som ei eining der syskjen får fortrinnsrett på den enkelte barnehage så sant alle får plass i kommunal barnehage.
5. Til neste kommunestyre må alle kostnader vera utrekna.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Ordføreren stiller spørsmål ved eigen habilitet.

Han trekker seg attende medan habiliteten blir vurdert av kommunestyret.

Ordføreren blir funne ugild i saka, - samrøystes.

Forslag frå Ap:

Alternativ 1 frå rådmannen med tillegg:

Vi aksepterer situasjonen slik den er

Kommunen har oppfylt lova, men ser at dette har uheldige konsekvensar.

Dei som ikkje har fått fyrsteynskje sitt ved opptaket kan stå på venteliste til den barnehage dei har som fyrsteynskje. Men dei må vente på om det kan bli ledig plass.

Innflyttarar som etterspør barnehageplass må få til svar at dei må levere søknad og at dei vil bli sett på venteliste.

Sjå på om det kan gjerast plass til nokre barn til i Dønfoss, viss behovet skulle koma for det, ved å ta i bruk grendahusdelen som areal i tillegg.

Vedteke med 12 mot 7 stemmer

Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Vi aksepterer situasjonen slik den er.

Kommunen har oppfylt lova, men ser at dette har uheldige konsekvensar.

Dei som ikkje har fått fyrsteynskje sitt ved opptaket kan stå på venteliste til den barnehage dei har som fyrsteynskje. Men dei må vente på om det kan bli ledig plass.

Innflyttarar som etterspør barnehageplass må få til svar at dei må levere søknad og at dei vil bli sett på venteliste.

Sjå på om det kan gjerast plass til nokre barn til i Dønfoss, viss behovet skulle koma for det, ved å ta i bruk grendahusdelen som areal i tillegg.

Vedteke med 12 mot 7 stemmer

PS 27/18 Overgang frå straum til biovarme på Skjåkheimen

Rådmannen si innstilling

1. Skjåk kommunestyre vedtek å bruke biovarme til oppvarming av Skjåkheimen. Dette er innanfor vedtekne tiltak i kommunens klima- og energiplan.

2. Kjøp av biovarme må følge dei alminnelege reglane for offentlege anskaffingar.
3. Saka blir lyst ut på anbod etter vanleg reglar.
4. Skjåk Energi blir involvert i den vidare prosessen.

Behandling i Formannskapet - 17.04.2018

Vedtaket var samrøystes.

Framlegg frå Formannskapet - 17.04.2018

1. Skjåk kommunestyre vedtek å bruke biovarme til oppvarming av Skjåkheimen. Dette er innanfor vedtekne tiltak i kommunens klima- og energiplan.
2. Kjøp av biovarme må følge dei alminnelege reglane for offentlege anskaffingar.
3. Saka blir lyst ut på anbod etter vanlege reglar.
4. Avtale om levering av varme må godkjennast av kommunestyret.
5. Ved kontraktinngåing må prisen på levert varme vera konkurransedyktig med prisen på straum og nettleige.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

1. Skjåk kommunestyre vedtek å bruke biovarme til oppvarming av Skjåkheimen. Dette er innanfor vedtekne tiltak i kommunens klima- og energiplan.
2. Kjøp av biovarme må følge dei alminnelege reglane for offentlege anskaffingar.
3. Saka blir lyst ut på anbod etter vanlege reglar.
4. Avtale om levering av varme må godkjennast av kommunestyret.
5. Ved kontraktinngåing må prisen på levert varme vera konkurransedyktig med prisen på straum og nettleige.

Samrøystes

PS 28/18 Sommaropen svømmehall 2018

Rådmannen si innstilling

Skjåk kommunestyre vedtek at

1. svømmehallen i Skjåkhallen skal vera open i perioden 25. juni – 31. august.
2. svømmehallen skal vera open kl. 17.00 – 20.00 på måndagar og tysdagar, og kl. 18.00 – 20.00 på fredagar.
3. sommaropen svømmehall blir finansiert ved løyving kr 150 000,- frå disposisjonsfondet og overført ansvar 430 teneste 3810.

Behandling i Formannskapet - 17.04.2018

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak i Formannskapet - 17.04.2018

Skjåk kommunestyre vedtek at

4. svømmehallen i Skjåkhallen skal vera open i perioden 2. juli – 24. august 2018.
5. svømmehallen skal vera open kl. 17.00 – 20.00 på måndagar og tysdagar, og kl. 18.00 – 20.00 på fredagar.
6. sommaropen svømmehall blir finansiert ved løyving inntil kr 130 000,- frå disposisjonsfondet og overført ansvar 430 teneste 3810.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

7. svømmehallen i Skjåkhallen skal vera open i perioden 2. juli – 24. august 2018.
8. svømmehallen skal vera open kl. 17.00 – 20.00 på måndagar og tysdagar, og kl. 18.00 – 20.00 på fredagar.
9. sommaropen svømmehall blir finansiert ved løyving inntil kr 130 000,- frå disposisjonsfondet og overført ansvar 430 teneste 3810.

Samrøystes

PS 29/18 Val av representantar til Hovudutval for helse, oppvekst og omsorg (HOO) ut kommunestyreperioden 2015 - 2019

Rådmannen si innstilling

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Forslag frå Sp:

Håvard Krogstad Berger (leiar)

Laila Arnestuen

Kjell Egil Ramstad

Else Mona Staurust

Vara:

1. Kristen Haugen Dagsgard
2. Simon Abraham Kidane
3. Bertha Helene Sveen
4. Lilly Kirsten Aamot

Skjåk AP har forslag til følgande faste kandidater:

John Tore Barrusten (leiar)

Bernt Joachim Dahl

Aud Jotun

Vararepresentantane:

- 1 vara: Odd Ragnar Solheim
- 2 vara: Heidi Storkjørren Brujordet
- 3 vara: Lena Kolden

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Følgande faste medlemmar:

Håvard Krogstad Berger

Laila Arnestuen

Kjell Egil Ramstad

Else Mona Staurust

John Tore Barrusten

Bernt Joachim Dahl

Aud Jotun

Samrøystes

Leiar:

Håvard Krogstad Berger - Vedteke med 11 mot 9 stemmer

Nestleiar:

John Tore Barrusten – Vedteke 19 mot 1 stemme

Vara, Sp:

1. Kristen Haugen Dagsgard
2. Simon Abraham Kidane
3. Bertha Helene Sveen
4. Lilly Kirsten Aamot

Vararepresentantane, Ap:

1. vara: Odd Ragnar Solheim
2. vara: Heidi Storkjørren Brujordet
3. vara: Lena Kolden

PS 30/18 Etterbruk av barneskulane

Rådmannen si innstilling

1. Det opnast for å leggje Marlo skule ut for sal.
2. Det blir laga eit prospekt for bygget.
3. Bygget blir lagt ut for sal i nåverande stand
4. Bygget blir selt til høgstbydande
5. Om det ikkje er interesse for å kjøpe bygget, vil kommunen halde fram arbeidet med alternativet aktivitetar.

Behandling i Formannskapet - 26.04.2018

1. Det opnast for å leggje Marlo skule ut for sal. Samrøystes
2. Det blir laga eit prospekt for bygget. Samrøystes
3. Bygget blir lagt ut for sal i nåverande stand. Det blir vurdert å halde att/seksjonere frå underetasjen i grendehuset og litt uteareal. Samrøystes
4. Bygget blir selt til høgstbydande, og etter vurdering av forretningsidè. Samrøystes
5. Om det ikkje er interesse for å kjøpe bygget, vil kommunen halde fram arbeidet med alternative aktivitetar. Samrøystes

Vedtak i Formannskapet - 26.04.2018

1. Det opnast for å leggje Marlo skule ut for sal. Samrøystes
2. Det blir laga eit prospekt for bygget. Samrøystes
3. Bygget blir lagt ut for sal i nåverande stand. Det blir vurdert å halde att/seksjonere frå underetasjen i grendehuset og litt uteareal. Samrøystes
4. Bygget blir selt til høgstbydande, og etter vurdering av forretningsidè. Samrøystes
5. Om det ikkje er interesse for å kjøpe bygget, vil kommunen halde fram arbeidet med alternative aktivitetar. Samrøystes

Behandling i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

Krogstad Berger, Sp, fekk permisjon frå resten av møtet.

Forslag frå Banken Fallingen på punkt 4:

Skjåk kommunestyre står fritt til å vurdere bod frå tilbydere både utifrå pris og forretningside. Samrøystes

Endringsforslag i punkt 3 frå S. Sperstad, Sp:

Bygget blir lagt ut for sal i nåverande stand. Ein skal halde att/seksjonere frå underetasjen i grendehuset og litt uteareal. Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 26.04.2018

1. Det opnast for å leggje Marlo skule ut for sal. Samrøystes
2. Det blir laga eit prospekt for bygget. Samrøystes
3. Bygget blir lagt ut for sal i nåverande stand. Ein skal halde att/seksjonere frå underetasjen i grendehuset og litt uteareal. Samrøystes
4. Skjåk kommunestyre står fritt til å vurdere bod frå tilbydere både utifrå pris og forretningside. Samrøystes
5. Om det ikkje er interesse for å kjøpe bygget, vil kommunen halde fram arbeidet med alternative aktivitetar. Samrøystes